



## INNSENDING AV VERJEREKNESKAP FOR 2023 – FRIST 30.04.2024

Du er registrert som verje med rekneskapsplikt. Det betyr at du skal sende inn verjerekneskap til Statsforvaltaren for ditt/dine verjemålsoppdrag der du har rekneskapsplikt.

**I dette brevet finn du viktig informasjon om levering av verjerekneskapen for 2023. Vi ber difor om at du les nøye gjennom heile brevet.**

Verjemålsmyndigheita har inngått avtale med Skatteetaten om direkte innhenting av verjehavar si skattemelding i verjemål med rekneskapsplikt. Det betyr at du som verje ikkje treng å sende kopi av verjehavar si skattemelding eller årsoppgåver ved levering av verjerekneskapen. Du skal framleis hjelpe verjehavar med kontroll, eventuelle endringar og innsending av skattemeldinga til Skatteetaten.

### KVA VERJEREKNESKAPEN BESTÅR AV

Som verje plikter du å sende inn følgjande dokument for kvart verjemål med rekneskapsplikt:

#### 1. Fullstendighetserklæring (årleg erklæring om rekneskap - skjema GA-8042).

- Skjemaet finn du på [www.sivilrett.no/vergemal/skjema](http://www.sivilrett.no/vergemal/skjema) - skjema nr 5. Skjemaet finst frå 21.12.2023 i ny og forbetra utgåve på Altinn. Viss du har gått i gang med utfylling av den årlege fullstendighetserklæringa i den gamle versjonen før 21.12.2023, må du fylla ut skjemaet på nytt i Altinn.
- Du må svare på alle punkt i skjemaet, elles vert ikkje fullstendighetserklæringa godkjend.
- Du må i punkt 3 føre opp alle bankkontoar som verjehavar har, og kven som har disposisjonsrett til desse.
- Dersom du sender inn fullstendighetserklæringa på papir, må du signere med dato og underskrift. Papirversjon av skjemaet finn du på [www.sivilrett.no/vergemal/skjema](http://www.sivilrett.no/vergemal/skjema) - skjema nr 26. Statsforvaltaren sender ikkje lenger ut skjema pr post eller e-post.
- Skjemaet kan ikkje fyllast ut før du har hjelpt verjehavar med å levere skattemeldinga for 2023.

#### 2. Kontoutskrifter

- Kopi av kontoutskrifter for alle kontoane du har, eller har hatt, disposisjonsrett til i verjemålet.
- Du skal sende inn kontoutskrifter for alle månader du har vore verje i perioden 01.01.2023 - 31.12.2023.
- Du skal sende inn kontoutskrifter for kvar månad sjølv om det ikkje har vore bevegelse på kontoen. Alternativt må det leggjast fram dokumentasjon frå bank eller nettbank på at det ikkje har vore bevegelsar på konto.
- Kontoutskriftene må vere i banken sitt eige format, slik du får det frå banken/hentar det frå nettbanken. Du kan ikkje kopiere til Word, Excel eller liknande.
- Det er ikkje tilstrekkeleg å sende inn transaksjonsoversikt frå konto/nettbank.
- Alle transaksjonar som ikkje er sjølvforklarande, må forklarast på kontoutskriftene, i fullstendighetserklæringa, eller som eige vedlegg. Alle kontantuttak må forklarast.
- Du treng ikkje sende oss årsoppgåver og kontoutskrifter for kapitalkonto/ar som Statsforvaltaren forvaltar.
- Vi minner om at verjehavar sine inntekter skal betalast til ein konto i verjehavar sitt namn, og ikkje til konto som tilhøyrar verje, bufellesskap, eller andre.



Dersom det er pålagt utvida rekneskapsplikt i eit verjemål, skal Statsforvaltaren også ha tilsendt kopi av rekneskap for drift av eigedom og/eller ervervsverksemda. Frist for innsending av utvida verjerekneskap er 30. juni.

## **INNSENDING AV VERJEREKNESKAPEN**

### **Statsforvaltaren ber om at du sender inn verjerekneskapen digitalt via Altinn.**

I Altinn fyller du ut skjema for Fullstendigheitserklæring og legg ved aktuelle vedlegg som skildra ovanfor. Brukarrettleiing og instruksjonsvideo finn du på [Vergemål \(sivilrett.no\)](https://www.veggemal.no) Du kan også gå inn på skjemaet via [www.altinn.no](https://www.altinn.no) og velje tema «Vergemål» under «Skjema og tjenester».

#### Viktig å hugse på ved innsending via Altinn:

- Du må bruke din eigen elektroniske ID ved innsending av verjerekneskapet, og ikkje verjehavar sin ID.
- Send inn verjerekneskapen komplett via Altinn når alle aktuelle dokument og vedlegg ligg føre.
- Bruk korrekt kategori for vedlegga du legg ved. Dersom du legg alle vedlegg på same kategori vil du kunne få purring på manglande innlevering.

Dersom du vel å sende per post gjer du følgande:

- Send alle dokumenta samla i ein konvolutt til postadressa som står nedst på side 1 i dette brevet.

Dersom du har motteke godtgjering for verjeoppdraget for 2023, og verjehavar sjølv har dekke dette, minner vi om at du som verje må korrigerer skattemeldinga til den du er verje for – då denne utgifta gir rett til frådrag. Det er utgifter som er belasta verjehavar i løpet av 2023 som skal først som frådrag.

## **NYTTIG INFORMASJON OG FRISTAR**

- Ei verje skal som hovudregel ikkje disponere meir enn inntil kr. 237.240.- (2G) på vegner av verjehavar. Overskytande midlar skal overførast til ein kapitalkonto som Statsforvaltaren forvaltar på vegne av verjehavar. For nærare informasjon om dette, sjå [Sivilrett.no/vergemal](https://www.sivilrett.no/vergemal) eller kontakt Statsforvaltaren.
- Du skal oppbevare alle kvitteringar og bilag knytt til verjemålet i minst tre år. Kvitteringar og bilag skal ikkje sendast til Statsforvaltaren.
- Eventuelle søknader om Statsforvaltaren si godkjenning, førespurnader, godtgjeringskrav, mv., må sendast i separat sending – og ikkje leggjast ved verjerekneskapen.

**Frist for å sende inn samla og fullstendig verjerekneskap er 30. april 2024. Vi gjer merksam om at mangelfull levering av verjerekneskap innan fristen kan få konsekvensar for ditt verv som verje, som til dømes oppretting av tilsynssak og byte av verje.**

Dersom du har spørsmål ber vi deg ta kontakt med Statsforvaltaren så snart som mogleg. Telefonnummeret til verjemålsseksjonen er 55572300, og vår telefontid er måndag-onsdag kl. 12.00-14.00. Du kan også sende oss spørsmål via «Sikker melding til Statsforvaltaren» som du finn på våre nettsider. Vi ber om at du ikkje sender sensitiv informasjon per e-post.

Med venleg helsing

Statsforvaltaren i Vestland - Verjemålsseksjonen